



## DEN NORSKE KYRKJA

### Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA

Org.nr.: 976 997 654

Tlf: 468 40 719 [www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no) [kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)

## Møtereferat

**Utval:** Aukra sokne- og fellesråd (SFR)

**Møtedato:** Torsdag 15. mai 2025

**Møtetid:** Kl. 18.05 – 20.25

**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### Tilstade:

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Kari Margrete Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vågøy, Edvin Magne Nybø, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (8).

**Sekretær:** Anne Marie Sødal

**Opning** v/Anne Marie som las søndagens tekster

### Sak 29/25 GODKJENNING AV:

#### A. Innkalling

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

#### B. Sakliste

Sakslista blei godkjent med merknad om feil dato i innkalling. (15.april i staden for 15.mai)

#### C. Referat frå møte 08.04.2025

Referatet frå møtet vart godkjent utan merknader

### Sak 30/25 Årsmelding og reknskap 2024

Godkjent reknskap vart sent tilbake til reknskapsfører av revisor, grunna mangel av årsmelding. Årsmelding og reknskap ligg øfre Ny reknskap og årsmelding må dermed godkjennast, og sendast tilbake til revisor for revisjon.

### Vedtak:

Aukra SFR godkjenner årsmelding og rekneskapen for Aukra sokn 2024 som framlagt, med dei føreslegne disposisjonar og avsetningar. Dei sendast revisor for revisjon, før dei kjem attende til SFR for eventuelle justeringar og endeleg vedtak.

### **Sak 31/25 Høyring felles strategi for Møre bispedøme**

Vi er bedt om å svare ut høyring om felles strategi for Møre bispedøme. Bakgrunnen til at dei vil ha våre innspel er at bispedøme og sokna kan oppleve synergieffekt av å jobbe med det same. Høyringa er ganske kort, og vi tek sikte på å svare ut høyringa felles i møtet.

### **Saka vart utsett**

### **Sak 32/25 1.pinsedag –flyttast til hausten?**

Første pinsedag har vi ikkje prest per no. Gudstenesta som den har vore til no er kanskje også moden for ei revitalisering. Spørsmålet no er om vi skal utsette denne gudstenesta til hausten.

### **Vedtak**

SFR vel å ikkje ha gudsteneste 1.pinsedag, og vil la gudstenesteutvalet finne ein ny dag for gudsteneste til hausten

### **Sak 33/25 Aukradagen 14.juni**

Aukradagen i år er 14.juni. Vi er også i år inviterte til å ha stand. Ønskjer SFR å vere med.

Det vart ein samtale om å ta ansvar i soknerådet. Det er fort nokon som stiller på alt. Og i det siste har det særleg vore mykje med tanke på jubileet. Vi har også eit arrangement på søndag 15.juni som involverer mange.

**Vedtak:** Vi vel å ikkje ver med på Aukradagane i år. Vi vil byrje planlegging av neste år i god tid for å komme sterkare tilbake

### **Sak 34/25 Gullkonfirmantar 15.juni**

Gullkonfirmantane (50-årsjubileums-konfirmantane) ønskjer å delta i gudstenesta 15.juni. Etter tradisjonen skal det da vere kyrkjekaffi med servering av sodd i regi av soknerådet.

**Vedtak:** Vi stiller på og lagar kyrkjekaffi. Kari, Marta, Edvin Magne, Rune og Berit (?) seier at dei kan stille på. Kari og Anne Marie gjer avtalar om innkjøp.

### **Sak 35/25 Årsmøtet**

Årsmøte er tidlegare sett opp 15.juni, men da kolliderer det med gullkonfirmantane, noko som gjerne ikkje er ein god kombinasjon. AU foreslår å legge årsmøte til 22.juni i Julsundet.

### **Vedtak:**

Aukra SFR vel å ha årsmøte 22.juni etter gudsteneste i Julsundet.

## **Sak 36/24 Kyrkjelydstur til Bjørnsund 14.september?**

I årshjulet er det sett opp kyrkjelydstur til Bjørnsund 14.september i samband med konfirmantleir. Om vi skal kunne gjennomføre det, må vi finne ut av korleis vi kan få til det med båtskyss og kva vi vil med denne dagen.

### **Saka vart utsett**

## **Sak 37/25 Tiltak frå gudstenesteutvalet**

Gudstenesteutvalet har jobba godt, og kome med forslag til kva som kan revitalisere deltakinga i gudstenesta.

Gudstjenesteutvalget ber om støtte til å gjennomføre aktuelle forslag. nr 2 og 3.

**Etablere pkt 2:** Se pkt 9. En dag midt i uka med litt aktivitet og fellesmåltid (gryterett?). Forslag onsdag ca 1600-17,00 og fortelling ca 5-10 minutt. Ansvarleg: Jens Petter Kjöll. Økonomi: Søke soknerådet om ca kr5000,- til kassabeholdning.

og

**Etablere pkt 3:** Kirkelunsj med program etter gudstjenesten. Økonomi: Søke soknerådet om ca kr5000,- til kassabeholdning. Siden dagens kirkelunsj er gratis så til dekning av utgifter bes det om ei frivillig gave.

Det vart også lagt fram at etter gudstensta 11.mai vart det ein spontan kyrkjelunsj utanfor kyrja med pizzasnurrer som vart veldig kjekk.

Soknerådet er positive til gode tiltak. Økonomisk stiller vi oss bak, men ønskjer at gudstenesteutvalet tenkjer godt gjennom målgruppe, kor ofte, kven har ein med seg.

Viktig at det blir om det blir gjennomført, så må det vere litt ordentlig satsing som mange stiller seg bak og kan vere med å løfte fram. Og viktig at det er nok folk med slik at det ikkje blir til at dette slit ut nokre få som stiller på.

Innspel:

- Kan det vere aktuelt å legge middag til same dag som kor, til dømes, så ein kan få ein fellesverknad, må evt samsnakkast med barnegospel?
- På onsdagar er det allereie kafe på føremiddag, så om ein tenker generasjonsmiddag, kan det vere fint med anna dag?
- Matsikkerheit må alltid tenkast på.
- Bør ein satse på to måltidstilbod på same tid.
- Dette ligg på mange vis også under diakoni evt trusopplæring, så kan det vere lurt at fleire utval tenkjer saman?

Om det blir gjennomført, er det viktig at datoar blir godt kommunisert med kyrkjekontoret.

## **Sak 38/25    Utval**

Det vart i fjor haust satt ned kontaktpersonar til ulike utval. Det er veldig ulikt kor godt desse er i gang med å etablere utval, og kanskje er det nokon av dei utvala som vart nedsett det kunne vore tenkt nytt rundt. Kyrkjeverja syns t-d det bør komme på plass eit husstyre for KLH

### **Vedtak**

Vi oppnemner gudstenesteutvalet med følgjande medlem:

Edvin Magne Nybø. Albrecht Gerstenberger, Andrea Gerstenberger, Roy Iversen, Jens Petter Kjøll, Kristian Finn Risung.

Dei andre utvala som ikkje er oppe og går kan få ligge vidare på is til strategidag på hausten.

## **Sak 39/25    Evaluering jubileum**

Vi har gjennomført ei jubileumsveke med mykje program, og tar ein kort runde med evaluering og innspel etter veka som komiteen kan ta med til ei grundigare evaluering

Stolt og glad over å vere ein del av dette

Veldig kjekt at så mange organisasjonar var aktiverte.

Kyrkjekaffi siste søndagen vart ein suksess sjølv om den var planlagt berre frå fredag. Og det var veldig kjekt med kyrkjekaffien i prestegården 2.påskedag.

2 fine gudstenester som omkransa jubileet.

Bra med dekning i media, både Nrk, Romsdals budstikke og Aukranytt i forkant, og i stor grad Aukranytt gjennom veka.

Kan dette vere oppstarten av ein påskeliljefestival?

Stor takk til Kari og Janne som tok mykje ansvar (Kari utan å vere med i komiteen)

Mykje godt program, men var ikkje sydd saman av komiteen. Det var ein del ting som ikkje var tenkt på før Janne fekk med seg Kari og Erlend på eit oppsummeringsmøte rett før

- Blomsterbestilling og utdeling
- PR
- Kyrkjekaffi
- Praktisk rundt kyrkjevandring og konsert
- + +

Økonomien har vi førebels ikkje oversikt over.

Også viktig: vi må snart starte planlegginga av 200-årsjubileet.

**Vedtak:** Innspela vert sendt til komiteen til ei større evaluering som soknerådet gjerne vil ha før sommarferien.

**Sak 40/25 Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)**

**Sak 40/25-1 Referat frå møte i AU 27.03.25**

**Sak 40/25-2 Samarbeidsprosjektet i Molde domprosti**

Vi er i gang, og skal ha eit fellesmøte med alle tilsette 3.juni.

**Sak 40/25-3 Personalsituasjon**

Vi har tilsett kantor: Bjørn Kleivenes Vevang, som startar i løpet av juni.

På kyrkjetenarsida er det sjukemeldingar for tida – vi har ein ungdom som slår på kyrkjegarden

Vi må også tenkje vidare på undervisningsstillinga.

Kyrkjevevjen lyser ut etter og tilsett sommarvikarar. Vil også lyse ut etter tilkallingsvikarar kyrkjetenar.

**Sak 40/25-4 Minnelund –**

Det er ikkje gjort meir arbeid her

**Sak 41/25    Endeleg godkjenning av reknskap**

Vi har fått revisjonsrapporten frå revisor, som ikkje har noko og utsette.

**Vedtak:**

Aukra SFR godkjenner reknskapen for 2024 med dei justeringane som er gjort.

**Møtedatoar vidare:** 12.juni, 21.august, 18.september, 9.oktober, 6. november, 11.desember

Aukra 22.05.2025  
Erlend Melby  
Leiar (sign)

Anne Marie Sødal  
Kyrkjeverje

## VEDLEGG